

**Dagens promille-kontroll: Ein sjåfør i grenseland**

30.11.2007

**Politiet i Kvinnherad heldt promillekontroll ved Korsneset i Uskedalen mellom klokka 07 og 08.30 i dag tidleg, melder Innsida.no.**

130 bilar vart stoppa og blant desse vart ein mannleg sjåfør halden attende etter at innblåsinga hans viste utslag på måleapparatet. Til politiet fortalde mannen at han hadde drukke litt vin i går kveld.

– Han var nok heilt i grenseland for kva som er lovleg å køyra bil med, seier politiførstebetjent Are Uppheim ved Kvinnherad lensmannskontor. Etter ca ein time viste måleapparatet under null og då fekk mannen køyra vidare utan at dei blir noko sak av det. Men politiet håpar dette vart ein lærepenge for sjåføren.

Ein bilfører fekk tilsnakk på grunn av lyset på bilen sin. Politiet sa til *innsida.no* tidlegare i veka at dei vil intensivere slike kontrollar framover.

Kristian Hus

- [innsida](#)